



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
14.01.2015  
Dykkar dato  
18.11.2014

Vår referanse  
2014/14026 008  
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høyringsuttale om endringar i barnehagelova

Fylkesmannen i Hordaland viser til Kunnskapsdepartementet sitt høyringsbrev om å innføre eit uavhengig tilsyn med barnehagane, presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering, samt innføring av omgrepet barnehagelærar. Vi har sett nærare på framlegget, og har kommentarar til nokre av endringane.

Innleiingsvis vil vi peike på at dei endringane som er foreslåtte, er viktige tilpassingar til dagens barnehagesektor, og eit viktig steg mot ei meir oppdatert barnehagelov.

### **Kapittel 2. Statleg tilsyn med barnehagane**

Fylkesmannen i Hordaland meiner at ei utviding av Fylkesmannen sin tilsynsheimel i stor grad vil ivareta behovet for eit uavhengig tilsynsorgan, samstundes som den sikrar at kommunen framleis har dei verkemidla den treng for å ivareta rolla som barnehageeigar.

#### *Om omgrepa «barnehage» og «barnehageeier»*

Vi registrerar at både «barnehagen» og «barnehageeigar» er omtalte som tilsynsobjekt i høyringsforslaget. Etter barnehagelova § 7 er det eigar av barnehagen som er ansvarleg for at verksemda blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, og det er barnehageeigar som vil få eventuelle pålegg om retting. I høyringsforslaget kap. 5.1, merknadar til §§9, 9a og 9b står det:

*«Tredje ledd gir Fylkesmannen hjemmel til å føre tilsyn med barnehagen i særlege tilfeller»*

*«Fylkesmannen vil måtte vurdere i hvilke tilfeller det er nødvendig å iverksette statlige tilsyn overfor barnehagene»*

*«Fjerde ledd gir Fylkesmannen hjemmel til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor de ikke-kommunale barnehagene dersom det avdekkes brudd på barnehageloven §14a.»*

Fylkesmannen i Hordaland meiner det vil vere ein fordel å nytte omgrepet «barnehageeigar» i samband med innføring av ny tilsynsheimel, då det er barnehageeigar og ikkje barnehagen som har plikter etter barnehagelova. Det vil også understreke barnehageeigar sitt ansvar for drift i samsvar med lov og regelverk, og vise at dette ansvaret ikkje kan delegerast til ein styrar.

### *Om innretting av tilsynet*

I kap 2.5 skriv departementet at dei ynskjer innspel til korleis det nærare innhaldet i «særlege tilfeller» skal avgrensast og konkretiserast.

Vi meiner at det ut frå foreslått lovtekst kjem klårt fram at Fylkesmannen berre skal føre tilsyn i særskilte tilhøve og at kommunen framleis har tilsynsansvaret overfor barnehagane. Barnehagesektoren har endra seg mykje dei seinare åra, og nye utfordringar og problemstillingar har stadig kome fram. Fylkesmannen i Hordaland trur ei opplisting og konkretisering av «særlege tilfeller» kan vere avgrensande i Fylkesmennene sine vurderingar av om tilsyn skal opnast eller ikkje. Vi trur ei konkretisering av kva som skal reknast som «*særlege tilfelle*» fort kan bli utdatert og/eller må utvidast, for å bli tilpassa nye utfordringar. Fylkesmennene har omfattande kunnskap om tilsyn og om sektoren i eie fylke. Vi meiner difor at Fylkesmannen har gode føresetnadar for å vurdere kva som er *særlege tilfelle*, utan at dette må konkretiserast i lov eller merknadar.

### **Kapittel 6 Forslag om presisering av lovhjemmel for barnehagens arbeid med dokumentasjon og vurdering**

Fylkesmannen er positiv til å forankre krav til dokumentasjon og vurdering i barnehagelova §2 for å sikre tidleg innsats og eit tilrettelagt og systematisk tilbod til borna.

#### *Om omgrepet «dokumentasjon»*

Fylkesmannen registrerer at omgrepet «dokumentasjon» blir nytta når det gjeld både informasjon om barnehagen sitt arbeid og innhald, og om opplysningar, arbeid og observasjonar om det einskilde barnet. Under punkt 6.2 står det:

*«Å dokumentere er å synleggjøre barnehagens innhald og arbeidsmåter, voksenroller, og barnas trivsel, læringsprosesser og utvikling».*

Tilbakemeldingar frå sektoren viser at omgrepet «dokumentasjon» rommar så mykje og så ulikt at det blir vanskeleg å handtere i praksis. Vi meiner at departementet i lov og forskrift bør skilje mellom det som er informasjon om barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar, og det som handlar om dokumentasjon i det pedagogiske arbeidet som gjeld det einskilde barnet. Pedagogisk dokumentasjon har eit anna regelverk, formål og metodikk enn det som gjeld ved synleggjering av innhaldet og arbeidsmåtar.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*